

Innhenting av tilbod

November 2019

Moglegheitsstudie for Heggenes og Tingvang,
Øystre Slidre kommune



Innhold

1	Mål med moglegheitsstudien.....	2
2	Budsjettramme.....	2
3	Om Øystre Slidre kommune og Heggenes/Tingvang.....	2
3.1	Heggenes og Tingvang.....	4
3.1.1	Heggenes	5
3.1.2	Tingvang.....	6
3.1.3	Tingvang-Storefoss.....	7
4	Potensialet.....	7
4.1	Heggenes og Tingvang.....	7
4.1.1	Heggenes	8
4.1.2	Tingvang.....	8
4.2	Arealdelen til kommuneplanen	8
5	Utfordringar	10
6	Innhold i studien	10
6.1	Konkrete vurderingsområder.....	10
6.1.1	Heggenes	10
6.1.2	Tingvang.....	11
6.2	Barnehage	11
6.3	Heranglie bustadområde	11
6.4	Funksjon i regionen	11
7	Prosess og framdrift.....	11
8	Tilbodet.....	12

1 Mål med moglegheitsstudien

Ei moglegheitsstudie er ei utgreiing som får fram nye idear og skildrar potensiale for eit område.

Målet med studien er todelt:

1. Gi eit grunnlag for samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen, som skal reviderast. Å få vurdert potensialet for utvikling i Heggenes og Tingvang.
2. Få fram og prioritere konkrete tiltak for betra funksjon og trivsel. Det kan gjelde både større, strukturelle grep og små tiltak.

2 Budsjettramme

Det er i forslag til budsjett for 2020 sett av kr. 250.000 til studien

3 Om Øystre Slidre kommune og Heggenes/Tingvang

Øystre Slidre kommune har ca 3.200 innbyggjarar. Folketalet har vore konstant til stigande over lang tid. Veksten skjer på Beitostølen, nord i kommunen, og i Rogne, sør i kommunen. Heggenes/Tingvang ligg sentralt i kommunen, men er prega av stagnasjon og nedgang.




Fig. 1: Bustader, skular og barnehagar i kommunen

3.1 Heggenes og Tingvang

Det er 1,4 km mellom Heggenes (Coop) og Tingvang (ungdomsklubben). Kommuneadministrasjon og ungdomsskule er lokalisert på Tingvang. Helse- og omsorgstenestene i kommunen er lokalisert i Heggenes. Andre arbeidsplassar og servicetilbod går fram av figuren nedanfor.




Fig. 2: Servicetilbod, arbeidsplassar og bustader innafor gangavstand (800 m radius) til Heggenes og Tingvang

Ny sjukeheim med omsorgsbustader til ein kostnad på 300 mill. er under oppføring i Heggenes. Det er regulert nytt bustadområde med plass til vel 100 bueiningar mellom Heggenes og Tingvang. Kjøp av grunn og opparbeidning av infrastruktur til bustadfeltet blir eit kommunalt ansvar. Kostnadene blir høge og utsiktene for inntening er låge, det er debatt om kommunen skal prioritere det.

3.1.1 Heggenes



Fig. 3: Heggenes «sentrum». Sjukeheim og omsorgsbustader er pt. ein byggeplass.

Det er gang- og sykkelveg på austsida av fv. 51 og busshaldeplassar. Elles er det bilen som legg premissane for arealbruken. Tomme lokale på austsida av fv. 51.

I løpet av siste fem år er mange tilbod og arbeidsplassar vorte borte i Heggenes. Det gjeld tannlege, bokhandel, lensmannskontor, postkontor, klesforretning og vaskeri. I løpet av siste 50 år har også ysteri, hotell og kafeteria vorte lagt ned.

3.1.2 Tingvang



Fig. 4: Tingvang. Frå venstre: Kommunehuset, bankbygg med mogleg næringshage, ungdomsklubben og ungdomsskulen

3.1.3 Tingvang-Storefoss



Fig. 5: Tingvang-Storefoss. Idrettsanlegg sør for utsnittet

4 Potensialet

4.1 Heggenes og Tingvang

- Dei fleste kommunale arbeidsplassane er lokaliserte på Heggenes og Tingvang
- Nærleik til vatn og gode nærturområde
- Regulert bustadområde med vakker beliggenhet
- Breitt servicetilbod

- Tilgjengelege areal og bygg til næringsutvikling



Fig. 6: Dronefoto frå regulert bustadområde mot vest. Heggenes «sentrum» til høgre i biletet.

4.1.1 Heggenes

- Praktisk talt alle kommunale arbeidsplassar innan helse og omsorg er lokalisert på Heggenes. Denne sektoren er i vekst
- Coop Heggenes går godt
- Vakker beliggenhet
- Naturleg innfart til 400 eksisterande og 800 potensielle hytter

4.1.2 Tingvang

Tingvang er ein samlingsplass for kulturarrangement og politiske møte. Bensinstasjonen er ein sosial arena. Idrettsplassen på Storefoss er også ein viktig møteplass.

Storefossen og Vindefossen er ein attraksjon som er lite tilrettelagt. Aust for ungdomsskulen er det sett av areal til tenesteyting i arealdelen til kommuneplanen. Mogleg bruk er fleirbrukshall.

4.2 Arealdelen til kommuneplanen

Arealdelen er frå 2017. Den legg til rette for sentrumsområde i Heggenes, tenesteyting som no er regulert til omsorgssenteret i Heggenes, omlegging av Robølsvegen og utviding av område for tenesteyting- dvs. tilrettelagte bustader, utviding av bustadområda både ved Heggenes og Tingvang, bustadområde mellom Heggenes og Tingvang som no er regulert, utviding av industriområdet ved Heggenes og tomt for fleirbrukshall ved Tingvang. Elles status quo.




Fig. 7: Arealdelen til kommuneplanen. Utsnitt Heggene- Tingvang

4.3 Studiar utført i området

Asplan Viak gjorde i 2016 ei mulighetsanalyse for plassering av omsorgssenter i Heggene. Den er å finne her: <https://www.oystre-slidre.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eigedom/finn-planar/studier-og-rapportar/studie-av-heggenes-2016.10555.aspx>.

5 Utfordringar

- Alle tilbod er pt. svært bilbaserte
 - Avstanden mellom Heggenes og Tingvang
- Manglar barneskule. Barneskulestrukturen er ikkje aktuell å drøfte
- Tingvang barnehage er gammal og barnehagestrukturen er i prosess. Behov for å vurdere ny tomt for barnehage
- Svak etterspurnad etter bustader og næringsareal. Kommunen må initiere utvikling
- Breibandsdekning er ikkje god. Pt. under 100 Mbit i Heggenes. Regional satsing
- Fleire bygg i Heggenes, på austsida av fv. 51, er tomme eller med liten aktivitet. Det er behov for å vurdere korleis dette området kan nyttast og utviklast
 - Fv. 51 deler Heggenes. Kva kan gjerast for å binde saman vest- og austsida av vegen?
- Kor sterkt er idetitetskjensla til dei som bur i området ?

6 Innhold i studien

Målet med studien er å få vurdert potensialet for utvikling i Heggenes og Tingvang, samt gje eit kunnskapsgrunnlag for samfunnssdelen og arealdelen til kommuneplanen, som skal reviderast. Vidare må studien peike på konkrete tiltak og prioritere mellom dei. Det gjelde både større, strukturelle grep og mindre tiltak. Studien skal innehalde eit grovt kostnadsoverslag over tilrådde kommunale tiltak.

Under er det lista opp døme som vi ser føre oss kan vera aktuelle :

6.1 Konkrete vurderingsområder

6.1.1 Heggenes

- Utforming av parkering og fellesareal/leikareal/torg/sitteplassar
- Separering av gangareal, varelevering og privatbilar vest for fv. 51
- Framtidig bruk av tomme bygningar
- Fjordpromenade-runde til og langs Heggefjorden



- Fotgjengarovergang sør for Coop
- El-bil-lading!

6.1.2 Tingvang

- Fleir brukshall?
- Tilgjenge til Storefossen og Vindefossen



- Tilgjenge til ungdomsklubben med skateparken
- Utforming av p-plassen og uteområdet mellom kommunehuset og ungdomsskulen

6.2 Barnehage

Kor viktig er det å behalde barnehage i Heggenes/Tingvang? Kor skal den framtidige barnehagen lokaliserast?

6.3 Heranglie bustadområde

Kor viktig er det å tilby det nye bustadområdet Heranglie? Kan Heranglie bidra til å byggje Heggenes og Tingvang saman, og korleis bør det eventuelt gjerast? Vurdere regulert gang- og sykkelveg frå bustadområdet til Tingvang.

6.4 Funksjon i regionen

Kva funksjonar bør Heggenes og Tingvang ivareta i høve Fagernes og Beitostølen?

7 Prosess og framdrift

Lokale idear og eigarskap til prosess og gjennomføring er truleg viktig for å lykkast. Ei idemyldringsrunde kan vera ei metode for å sikre dette, der det blir sett fokus på :

- Uvikling av området avsett til sentrumsområde i Heggenes i arealdelen, fylle opp tomme lokale og/eller erstatte utdaterte bygg.
- Korleis gjere staden betre utan bil.
- Kva er naturleg å legge til Heggenes og kva er naturleg å legge til Tingvang? Kan vi binde saman stadene?

- Konkrete tiltak for trivsel og betre funksjon

Under idemyldringa bør ein invitere sentrale næringsaktørar, grunneigarar, politikarar og statens vegvesen/fylkeskommunen.

Moglegheitsstudien skal vere ferdig innan 1. april 2020.

8 Tilbodet

Vi ber om tilbod innan budsjetttrammen på 250.000,- **innan 03.12.2019**. Send tilbodet til knut.frode.framstad@oystre-slidre.kommune.no.

I tilboden skal det vera forslag til ei vurdering og oppstilling av dei mest aktuelle område og tiltak ein vil sjå på. Tilboden skal innehalde ein framdriftsplan, forslag til prosess og forslag til struktur i sluttdokument. Referanser til tilsvarande prosjekt må oppgis.

Tilboda blir vurdert ut frå referansar og kor godt vi meiner de har forstått oppgåva. Ein vil og vektlegge kreativitet i forslag til prosess og gjennomføring.